

# Møteinnkalling

---

**Utvalg:** **Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen**  
**Møtested:** Utladalen naturhus, Årdal  
**Dato:** 23.05.2014  
**Tidspunkt:** 14:00

---

Eventuelt forfall må meldes snarest på tlf. 947 89 126 eller 948 80 564.  
Vararepresentanter møter etter nærmere beskjed.

Oppmøte Utladalen naturhus kl.1400. Vanlege styresaker. Årsmelding 2013 (RS) blir delt ut på møtet og gjennomgått. Synfaring i nærområde med fokus på utvikling av uteområdet ved Naturhuset.

Felles middag ca. kl. 1700

Oppstart Nasjonalparkfestivalen i Årdal kl.1900. Føredrag og quiz på fredag og aktiviteter på laurdag og søndag. Frivillig deltaking.

Mvh. Magnus Snøtun



## Saksliste

| Utvalgs-<br>saksnr | Innhold  | Lukket | Arkiv-<br>saksnr |
|--------------------|--|--------|------------------|
| ST<br>29/2014      | Godkjenning av protokoll/innkalling  |        |                  |
| ST<br>30/2014      | Referatsaker   |        |                  |
| RS                 | Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen<br>-Årsmelding 2013  |        | 2014/523         |
| RS                 | Rapport 2014 - Jotunheimen nasjonalpark -<br>Galdhøpiggen  |        | 2011/3392        |
| RS                 | Informasjonstavler/naturstig langs Gjende -<br>aksept frå grunneigar -Langmorkje sa - 515/187/1<br>- signert avtale tursti - infotavler Gjende   |        | 2014/2852        |
| RS                 | SV: Ang. sommerrute til Rasletind  |        | 2014/523         |
| ST<br>31/2014      | Delegerte vedtak   |        |                  |
| 3/2014             | Delegert vedtak - Jotunheimen nasjonalpark og<br>Utladalen landskapsvernområde - Dispensasjon -<br>Bruk av snøskuter til transport av material til<br>steinsel i Guridalen – Utladalen sameige |        | 2014/3112        |
| ST<br>32/2014      | Jotunheimen nasjonalpark - Dispensasjon -<br>Motorferdsel - 2014 - Helikoptertransport for ny<br>bru Blåtjønnåe - Stokk & Stein AS   |        | 2014/3043        |
| ST<br>33/2014      | Jotunheimen nasjonalpark - Dispensasjon -<br>Motorferdsel 2015 - Landing med helikopter på<br>Galdhøpiggen - Ellen M. Sveistrup  |        | 2014/3305        |
| ST<br>34/2014      | Eventuelt  |        |                  |

ST 30/2014 Referatsaker

Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen -Årsmelding 2013 2014/523

Rapport 2014 - Jotunheimen nasjonalpark - Galdhøpiggen 2011/3392

Informasjonstavler/naturstig langs Gjende - aksept frå grunneigar -Langmorkje

sa - 515/187/1 - signert avtale tursti - infotavler Gjende 2014/2852

SV: Ang. sommerrute til Rasletind 2014/523

ST 31/2014 Delegerte vedtak

3/2014 Delegert vedtak - Jotunheimen nasjonalpark og Utladalen

landskapsvernområde - Dispensasjon - Bruk av snøskuter til transport av  
material til steinsel i Guridalen – Utladalen sameige 2014/3112

Arkivsaksnr: 2014/3043-0

Saksbehandlar: Kari Sveen

Dato: 23.04.2014

| Utval   | Utvalssak | Møtedato   |
|---|-----------|------------|
| Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen | 32/2014   | 23.05.2014 |

## **Jotunheimen nasjonalpark - Dispensasjon - Motorferdsel - 2014 - Helikoptertransport for ny bru Blåtjønnåe - Stokk & Stein AS**

### **Forvaltar si innstilling**

Med heimel i verneforskrifta for Jotunheimen nasjonalpark § 3, pkt. 5.3.2 får Stokk & Stein AS løyve til bruk av helikopter for frakt av materialar, utstyr og handverkarar i samband med bygging av ny bru over Blåtjønnåe. Løyvet omfattar også transport knytt til riving av den gamle brua.

Løyvet blir gjeve på følgjande vilkår:

- Omfanget av helikoptertransport må avgrensast til det som er strengt nødvendig. Løyvet gjeld for inntil 20 hiv, samla for nyanlegg og fjerning av gammal bru. Innflyging er planlagt frå aust i nærleiken av Russtangen, og dette gjev minst transportstrekning innan verneområdet.
- Løyvet gjeld for 2014.
- Statens naturoppsyn v/Rigmor Solem (tlf. 959 65 158) skal ha melding seinast dagen før transport skal skje, slik at SNO kan gje melding om det må takast spesielle omsyn.
- Transporten skal ikkje utførast i helgene (laurdag/søndag), og helst leggast til vekedagane måndag til torsdag. Dette av omsyn til friluftslivet.
- Dersom det er mogleg skal ein prøve å få til samordning med øvrig transport for DNT.
- Det skal sendast ein enkel samlerapport med avgangskvalitet, datoar for helikoptertransport og tal hiv på kvar dato så snart oppdraget er gjennomført. Tilbakemelding må seinast vera sendt innan 1. desember 2014.

## Saksopplysningar

### *Dokument i saka*

- Søknad datert 23.04.2014, frå Stokk & Stein AS.

Stokk & Stein AS søker ved e-post av 23.04.14 om løyve til bruk av helikopter for transport av materialar og utstyr i samband med bygging av ny bru over Blåtjønnåe. Arbeidet skjer på oppdrag av Den Norske Turistforening og Russdalen Beitelag, som har fått løyve til å bygge ei ny felles bru over Blåtjønnåe ved Russvatnet, sak 11/2014 i nasjonalparkstyret sitt møte 23.01.14 og byggeløyve frå Vågå kommune 03.02.14.

Byggeplassen ligg ca 3 timars gange frå veg, og det er derfor behov for bruk av helikopter for nødvendig transport av materialer og det som trengs til prosjektet. Når det gjeld gjennomføring skriv søker følgjande:

*«Tidsrommet arbeidet er tenkt gjennomført er midten av august til midten av september i 2014. Det er avhengig av korleis vi ligger an med anna arbeid vi alt har tatt på oss i sommer, vær og vannstand i elva der bru skal byggast. Tidsrom for transport vil bli varsla når vi har klarlagt eksakt oppstartsdato på prosjektet.*

*I tillegg har Stokk & Stein AS fått arbeidet med og rive eksisterende bru over Blåtjønnåe. Det vil og bli behov for uttransport av materialene fra den gamle brua.*

*Det er beregna ca. 15 hiv med redskap og materiell inn, og 3 hiv i retur med redskap og overskytende materiell. Samt materialene fra den gamle hengebrua.»*

Startpunktet for innflyginga er tenkt ved setrene på Russtangen, i området på veg inn til sankeplassen for Russdalen beitelag. Det må tilpassast plass der i kan få lossa lastebil. Planlagt rute er å flyge inn Russdalen, Russvatnet og til Blåtjønnåe.

## Vurdering

Søknaden skal behandlast etter

- Verneforskrift for Jotunheimen nasjonalpark av 5. desember 1980
- Naturmangfaldlova av 19. juni 2009

Det går fram av pkt. 5 i verneforskrifta for Jotunheimen nasjonalpark at motorferdsel i utgangspunktet er forbode. Etter pkt. 5.3.2. kan forvaltningsstyresmakta gje løyve til transport av materialar til hytter, klopper, bruer o.l. og av brensel, proviant og utstyr til hyttene.

Motorferdsel er konfliktfylt både i høve til verneformålet og andre brukarinteresser friluftsliv. Det er derfor eit mål å halde motorferdsel på eit så lågt nivå som mogleg i nasjonalparken. Utkast til forvaltningsplan, som vart oversendt direktoratet for godkjenning i 2008, presiserer at motorferdsel ikkje er ynskjeleg i verneområda, og at det er eit mål å avgrense omfanget av motorferdsel til det som er strengt nødvendig.

Det er i Jotunheimen nasjonalpark høg grad av tilrettelegging for friluftsliv, med omfattande rutenett og fleire større turisthytter. Det er derfor nødvendig med noko motorisert transport knytt til anlegg og vedlikehald. I denne delen av Jotunheimen, som er utan villrein, er det særleg hekking av rovfugl som vil vera sårbar for uroing frå

motorferdsel. Det er god oversikt over hekkingar av jaktfalk og kongeørn, som er dei mest aktuelle artane i Jotunheimen. Kunnskapsgrunnlaget er dårlegare for andre artar. Ein meiner likevel at det er tilstrekkeleg kunnskapsgrunnlag i høve til denne søknaden, gjennom informasjon frå oppsynstenesta for området og gjennom erfaringar frå tidligare gjevne løyve (§ 8 kunnskapsgrunnlag). Tal på turar må likevel avgrensast mest mogleg. Blåtjønnåe ligg langt frå bilveg, og helikoptertransport blir vurdert som einaste rasjonelle transportmåte for å få nødvendig utstyr og materialar inn i området. Transporten bør leggjast opp slik at den gjev kortast mogleg flygestrekning med motorferdsel og støypåverknad i verneområdet. Det er viktig at transport i samband med byggearbeid blir grundig planlagt for å få eit mest mogleg effektivt opplegg. Avstanden til byggeplassen er så lang at det er rimeleg at handverkarar kan fraktast inn/ut samtidig med materialtransport. Det er likevel viktig at dette ikkje fører til ekstra turar med helikopter. Området er eit sårbart naturområde med liten grad av teknisk påverknad. Det er difor viktig å ta omsyn til dei strenge reglane for motorferdsel, slik at området kan halde på denne kvaliteten (jf. nml § 10 - økosystemtilnærming og samla belastning). Vurderingar knytt til § 11 i naturmangfaldslova «*Kostnadene ved miljøforringing skal berast av tiltakshavar*» er ikkje relevant for denne saka. Vi føreset at Stokk & Stein AS forsøker å redusere tal på transportar mest mogleg, gjennom god planlegging og vurdering av moglegheit for samordning med eventuelle andre transportbehov for DNT. Det er ein fordel om transporten i størst mogleg grad blir utført på måndagar og tysdagar, då utfarten i samband med friluftsliv i nasjonalparken normalt vil vere lågast desse dagane i veka. Helikoptertransport er den mest effektive og skånsame måten å transportere materialar inn og ut på, og innflyginga frå aust ved Russtangen gjev minst trafikk innan verneområdet, jf. § 12 (*miljøforsvarlege teknikkar og driftsmetode*).



Arkivsaksnr: 2014/3305-2

Saksbehandlar: Kari Sveen

Dato: 06.05.2014

| Utval   | Utvalssak | Møtedato   |
|---|-----------|------------|
| Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen | 33/2014   | 23.05.2014 |

## Jotunheimen nasjonalpark - Dispensasjon - Motorferdsel 2015 - Landing med helikopter på Galdhøpiggen - Ellen M. Sveistrup

### Forvaltar si innstilling

Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen avslår søknad frå Ellen M Sveistrup om dispensasjon for landing med helikopter på Galdhøpiggen.

- Motorisert ferdsel i nasjonalparken er i utgangspunktet forbode – jf. verneforskrifta § 3 pkt. 5, og dispensasjon kan berre vurderast for samfunnsmessig viktige formål.
- Forvaltningsplanen legg vekt på å redusere motorferdselen til eit lågast mogleg nivå, og om ein opnar for persontransport med helikopter vil det skapast uheldig presedens slik at samla belastning på området vil medføre forringing av verneverdiane – jf § 10 i naturmangfaldlova.
- Naturmangfaldlova § 48 opnar ikkje for å gje dispensasjon for turflying med helikopter, da transporten vil vera i strid med vernevedtakets formål.

### Saksopplysningar

Ellen M Sveistrup søker om dispensasjon for landing med helikopter på Galdhøpiggen. Om bakgrunnen for søknaden skriv ho m.a. følgjande:

*«Jeg er en eldre dame på nærmere 80 år. Da jeg var 50 +, var jeg medlem av Turistforeningen og gikk hver sommer i fjellet. Jeg hadde laget meg en liste over topper jeg ville besøke og hadde gjennomført følgende: Vestfolds høyeste fjell (Skibergfjell 632 moh.), Jonsknuten (v/ Kongsberg (904 moh.), Gaustatoppen (1883 moh.), Besseggen og Bukkelægeret. Og så skulle liksom Galdhøpiggen være kronen på verket. Men den nådde jeg aldri!*

*Jeg var på vei opp og hadde forsert Styggebreen, men da var kreftene mine fullstendig uttømt, og jeg bare kastet opp. Jeg måtte derfor følges ned av en av turledeme. Siden har jeg ikke tort å prøve meg.*

---

*Jeg så i vinter et program på TV fra en helikoptertur til Fanaråken (m. Cecilie Skog), og det var da jeg fikk ideen om at jeg nå kanskje kunne få mitt ønske oppfylt likevel.*

*Jeg fyller 80 år først om to år, men min yngste sønn og min svigerdatter fyller begge 40 år i høst, og siden det er plass til 4 personer i dette helikopteret, tenkte jeg derfor at en slik tur kunne være en passende gave til dem og til meg selv neste sommer, midtveis mellom våre fødselsdager.*

*Jeg håper derfor at mitt ønske kan oppfylles.»*

## Vurdering

Søknaden vert vurdert etter:

- Verneforskrift for Jotunheimen NP (2003)
- Naturmangfaldlova
- Framlegg til forvaltningsplan for Jotunheimen NP og Utladalen LV (2008)

§ 3 pkt 5 i Verneforskrifta for Jotunheimen NP set forbod mot motorferdsel, men forvaltningsstyresmakta kan vurdere dispensasjon i særskilde tilfelle:

*«5.3.4. Køyning i andre naudsynte tilfelle der særlege grunnar ligg føre.»*

5.3.4 er erstatta av naturmangfaldlova § 48.

§ 48 første ledd set rammer for kva unntak som kan vurderast:

*«Forvaltningsmyndigheten kan gjøre unntak fra et vernevedtak dersom det ikke strider mot vernevedtakets formål og ikke kan påvirke verneverdiene nevneverdig, eller dersom sikkerhetshensyn eller hensynet til vesentlige samfunnsinteresser gjør det nødvendig.»*

Formålet med opprettinga av Jotunheimen nasjonalpark er *«å verne eit vilt, eigenarta, vakkert og i stor grad urørt fjellandskap med dyre- og planteliv på overgangen mellom austlandsk og vestlandsk fjellnatur. I nasjonalparken skal det innafor visse rammer vere høve til landbruk, friluftsliv, jakt og fiske, undervisning og forskning.»*

For at tiltaket ikkje skal vera i strid med dei overordna måla for verneområdet eller mot verneformålet samla sett blir det stilt krav om at transporten skal vera nødvendig og ikkje skal påvirke verneverdiane i vesentleg grad. Galdhøpiggen er eitt av Noregs mest besøkte turmål. Når ein er på tur i ein nasjonalpark forventar ein å kunne nyte fjellnaturen i ro og fred. Helikoptertrafikk av vil vera eit framandelement, som berre kan tillatast til strengt nødvendige formål og med vilkår som sikrar verneverdiane i eit langsiktig perspektiv. Forvaltningsplanen legg vekt på at omfanget av motorferdsel skal liggje på eit lågast mogleg nivå.

Det er forståeleg at folk ønskjer å besøke nasjonalparken, også om ein ikkje lenger er så sprek, men persontransport med motoriserte hjelpemiddel er i strid med verneforskrift og forvaltningsplan. Det vil skape uheldig presedens om ein opnar for helikoptertransport i samband med personlege feiringar som fødselsdagar og bryllaup, da dette i sum vil kunne vera ønskje for svært mange personar i løpet av eit år. Det er likevel mogleg å koma inn i nasjonalparken på enklare fotturar, og dei som ikkje kan gå noko særleg har i tillegg eit tilbod gjennom Gjendebåten.

Det er svært beklageleg at TV-programmet på Fannaråken fekk slik vinkling at det kan sjå ut som om det er kurant å få landingsløyve for helikopter innan nasjonalparken. Bakgrunnen for løyvet som vart gjeve til programmet *Drømmeturen* var at det syntes å skulle ha fokus på historia til ein som hadde budd og arbeid ved den meteorologiske stasjonen på Fannaråken, slik at forvaltninga såg det kunne vera stor allmenn interesse for å formidle ein del av historia knytt til denne verksemda i nasjonalparken. Dessverre

fekk programmet eit innhald som nesten berre vart historia om eit personleg turopplegg der den gamle faren fekk møte dottera ved hjelp av helikopterfrakt opp på Fannaråken. Det er likevel ikkje slik at det etter dette blir greitt å gjennomføre liknande opplegg for andre som ønskjer å koma på fjelltoppar som dei ikkje lenger er i stand til å gå opp på sjølve pga alder og helse. Saka viser i staden at forvaltninga i framtida må vera svært nøye på kva tiltak som kan få dispensasjon, og ein må verta tydlegare på å presisere at dersom helikopter blir sett på som eit nødvendig hjelpemiddel i samband med filmopptak el.l., skal ikkje denne transporten i seg sjølv vera ein del av filmen. Dette fordi det ikkje er ønskjeleg å knyte verneområdet til utstrakt bruk av motoriserte framkomstmiddel.

Vurdering etter naturmangfaldlova:

- Kunnskapsgrunnlaget (§ 8) når det gjeld naturmangfald og bruk av områda rundt bra. Påverknaden vil i hovudsak gjelde støy, og det er i første rekkje dyre- og fuglelivet og omsynet til andre brukarar som er aktuelt.
- Etter § 10 om "*Økosystemtilnærming og samlet belastning*" skal eit vedtak vurderast i høve til samla påverknad/forstyrning, om eit løyve kan skape presedens, og såleis kan bidra til ei gradvis forringing av området og utholing av verneforskrifta. Dersom ein skulle opne for bruk av helikopter for transport i samband med private markeringar som fødselsdagar o.l. vil det fort koma svært mange tilsvarande saker, og den samla belastninga i form av motorstøy og forstyrning av dyre- og fugleliv vil raskt koma over akseptabelt nivå om ein opnar for denne typen tiltak.
- § 11 om at «*kostnadene ved miljøforringelse skal bæres av tiltakshaver*» og § 12 om miljøforsvarlege teknikkar og driftsmetode er lite relevante, da det her ikkje er særlege grunnar som tilseier at ein skal leggje til rette for motorisert transport av noko slag. Alternativet er fottur, som ut ifrå søknaden ikkje synest aktuelt.

### Konklusjon

Det er ikkje aktuelt å opne for ein praksis der alle som ikkje er i form til å gå turen til Galdhøpiggen eller andre toppar i nasjonalparken kan få lov til å bruke helikopter, da dette vil medføre ein formidabel auke i motortransport innan verneområdet. Motoriserte hjelpemiddel til persontransport vil vera i strid med verneformålet og prinsippa i naturmangfaldlova. Unødvendig helikopterstøy vil også vera til stor sjenanse for dei mange som går på Galdhøpiggen for å oppleve naturen, og eit løyve her vil bidra til å skape uheldig presedens.